

## MØTEBOK HALLINGTINGET

**TID:** 1. – 2. desember 2020

**STAD:** Storefjell, Gol

### Desse møtte på Hallingtinget:

|  |  |
|--|--|
| <b>Hol kommune</b><br>Petter Rukke<br>Nina Dalen<br>Torstein Seim<br>Hanne Haatuft<br>Martin Grøslandsbråten   | <b>Hemsedal kommune</b><br>Pål Terje Rørby<br>Anne Grethe Fremgaard (dag 1)<br>Petter Owesen<br>Helene Sagabråten (dag 1)<br>Norunn Rivedal<br>Hege Falck Andersen (dag 1) |
| <b>Ål kommune</b><br>Solveig Vestenfor<br>Jørund Li<br>Ola Terje Oleivsgard (dag 2)<br>Ole-Egil Trintrud   | <b>Nesbyen kommune</b><br>Tore Haraldset<br>Øyvind Frekeplass<br>Geir Olav Garthus<br>Endre Storhaug   |
| <b>Gol kommune</b><br>Herbrand Jegleim<br>Tom Rune Blakkestad<br>Leif Norhaug (dag 1)<br>Christian Ihlen Brunborg (dag 2)<br>Camilla Larsen Hoftun<br>Kristin Bakke Haugen | <b>Flå kommune</b><br>Merete Høntorp Gandrud<br>Sigrid H. Grimeli  |

### Frå rådmannsutvalet møtte:

Ole Johnny Stavn, Hol kommune Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune (dag 2), Reidun K Halland, Hemsedal kommune (dag 1), Henrik Skovly, Nesbyen kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

### Administrasjon Regionrådet

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar

### Frå Viken møtte:

Iselin Haugo og Elin Hovd Prestegården

**Sak 08-20      Regionalt samarbeid**

Hallingtinget fekk ein gjennomgang av historia og kva har me fått til som region, det vart presentert ein oversikt over utvalde regionale samarbeidsområde, og tinget drøfta framtidig regionalt samarbeid generelt og helsesamarbeidet spesielt.

Det vart ikkje fatta vedtak, men det vart gitt tydelege signal på to område:

- Hallingtinget ønskjer ei sak på neste møte som går på formalisering av samarbeidet (Ei «viljeserklæring»)
- Leiar av regionrådet går i dialog med Nesbyen og ev. andre kommunar for å sjå om det er grunnlag for å få på plass ei ny avtale om bruk av interkommunale senger ved sjukestugu. (IMA)

**Sak 09-20      Strategisk plan – Status så langt og oppstart på handlingsdelen**

Det vart jobba med målformulering og handlingsplan både i plenum og i grupper. Innspel er sendt til dagleg leiar som vil innarbeide dette i endeleg plan som skal vedtakast i Hallingtinget våren 2021.

**Sak 10-20      Politiet sitt arbeid i Hallingdal**

Ole Bredrup Sæverud, politimester i Sør-Øst politidistrikt, Øyvind Aas driftsenhetsleder, Pål K. Mikkelrud politikontakt, Brit Fyksen, Lensmann i Hallingdal og SLT koordinator Ole Reidar Lågrinn var med i møte

**Vedtak:**

Hallingtinget ber dagleg leiar i Regionrådet og politikontakt Pål Mikkelrud førebu to saker:

1. Felles handlingsplan for Hallingdal med lokale delkapittel.
  2. Oppretting av eit regionalt politiråd, som har årlege møte i samband med Hallingting.
- Begge tema må drøftast i kommunane før saka blir lagt fram for Hallingtinget våren 2021.

**Sak 11-20      Orientering frå Viken fylkeskommune**

Saka vart utsett

**Sak 12-20      Årsbudsjett for 2021 og økonomiplan 2021-2024.****Vedtak:**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2021, med ei kommunal finansiering på kr. 2.100.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2021, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 687 289,81 for 2021 og at ein går attende vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2022.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
5. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
6. Hallingtinget rår til at finansiering av «Ungt Entreprenørskap» blir lagt til regionrådet. Dette vil, om det bli vedtatt, føre ein auka i kommunale tilskot
7. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2021 – 2024.

**Sak 13-20      Presentasjon av ny rapport om livskvalitet i Hallingdal**

Maja Gunvor Eilertsen og Ragnhild Bang Nes frå FHI presenterte ny rapport om livskvalitet i Hallingdal, Slik har me det». Rapporten er basert på spørjeundersøkinga «Koss har du det», og vil bli sendt alle kommunar så snart den er klar.

**Sak 14-20      Toppidrettssregion Hallingdal.**

Maren Haugli Tufto og Jorunn Horgen orienterte om Toppidrettsregion og status i prosjektet.

**Vedtak:**

Hallingtinget vedtek å jobbe vidare med prosjektet «Toppidrettsregion Hallingdal», med mål om å gå frå pilot til eit treårig prosjekt. Hallingdal vil ta rolla som toppidrettsregion for vinteridrett og utdanning i Viken. RR legg fram sak for Hallingtinget våren 2021.

**Sak 15-20      Eventuelt**

Orientering om arbeidet i distriktsnæringsutvalet ved Knut ArneGurigard

**SAK 16/20      ENDRING AV VEDTEKTENE §11**

**Vedtak:**

Med bakgrunn i endring av revisorfirma for kommunane i Hallingdal blir vedtekter til Regionrådet for Hallingdal §11 pkt. 1 endra til:

«Det skal føres eget regnskap for driften av Regionrådet. Viken Kommunerevisjon IKS reviderer regnskapet.»

Hallingdal, 4. desember 2020

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar